



VINJE KOMMUNE

MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Formannskapssalen	21.01.2015	09:00

Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Nils Vågslid DY	H	
Øystein Høgetveit	SV	
Oscar Garnes	V	
Ingunn Hustveit	AP	
Johan Vaa	SV	Tone Edland
Ole Dalen	KRF	Lena Romtveit
Svein Ekre	AP	Roar Berg Hansen

Saker til handsaming	15/02 - 15/11
-----------------------------	----------------------

Merknader

Andre som møtte

Namn	Stilling
Kjell Negarden	Byggjesakshandsamar
Silje Hagen	Barnerepresentant
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Toril Nicolaisen	Næringsjef
Thor Christiansen	Landbruksrådgjevar
Signe Vinje	Areal- og byggjesakshandsamar
Turid Opsund Mæland	Byggjesakshandsamar
Kjetil Vaagen	Utbyggingsleiar

Nils Vågslid
Fung. leiar

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

Saksliste

Saksnr	Tittel
PS 15/2	Referat og meldingar
PS 15/3	Pålegg om retting og pålegg om stans
PS 15/4	Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland - 1 gongs handsaming
PS 15/5	Dispensasjonøknad- frådeling og bruksendringg for støl på eigedom 135/1
PS 15/6	138/3/1 Rauland - Søknad om dispensasjon - tiltak innanfor kommunedelplan Rauland LNF område - veg
PS 15/7	Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 92/2
PS 15/8	Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 124/1
PS 15/9	Deling av driftseining gnr. 150/2, 10, 21, 70 og 83 og gnr. 150/4
PS 15/10	Søknad om konsesjon for overtaking av fast eigedom gnr. 53/34
PS 15/11	88/11 Fjølabu - Hardangervidda. Bygging av jakt og fiskebu

PS 15/2 Referat og meldingar

- RS 15/1 Møtebok frå møte 17.12.2014
RS 15/2 Møtebok frå førre møte
RS 15/3 160/55 Varland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
RS 15/4 99/2/6 Haukelifjell - Løyve til tiltak PBL § 20-2 støylsbu
RS 15/5 150/375 - Rukkemo - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-1 - Fritidsbustad
RS 15/6 99/680 - Svarttjønnåsen - Løyve til tiltak jf.pbl § 20-1 - Fritidsbustad
RS 15/7 138/81 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 Bustad
RS 15/8 99/65 Vågslid - Løyve PBL §20-2 Avslag
RS 15/9 133/4 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 anneks
RS 15/10 141/72 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 garasje/lager
RS 15/11 126/8 Arabygdi - Løyve til tiltak jf PBL § 20-2 riving
RS 15/12 99/9 Vågslid - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 jaktbu
RS 15/13 Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - mjølkekvote på gnr. 131/4
RS 15/14 Kommunalt tilskot til kjøp av melkekvote - gnr. 154/1
RS 15/15 151/231 - Vierli - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-2 - Tilbygg til fritidsbustad
RS 15/16 38/6 Åmot - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 ny bueining
RS 15/17 Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - grøfting på gnr. 53/4
RS 15/18 Sluttutbetaling av kommunalt tilskot til grøfting - gnr. 106/1
RS 15/19 Sluttutbetaling av tilskot til ombygging av fjøs - gnr. 82/1
RS 15/20 Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - kjøp av mjølkekvote på gnr. 106/1
RS 15/21 Utbetaling - drenering Vinje
RS 15/22 Vedtak - Søknad om deling av gnr. 110/9 - Helge Rorgemoen

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Signe Vinje (areal- og byggjesakshandsamar) informerte om status på det raude løypenettet.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

PS 15/3 Pålegg om retting og pålegg om stans

Rådmannens framlegg til vedtak:

<p>Rådmannen får fullmakt til å gje pålegg om retting og pålegg om stans i medhald av plan-og bygningslovens § 32-3 når det gjeld hytter/einingar i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og detaljreguleringsplanen for Leirgravstaulen.</p>

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Dokument delt ut i møtet:

- Brev frå Deloitte Advokatfirma AS, dagsett 20.01.15

Framlegg frå plan- og miljøutvalet:

Plan- og miljøutvalet står fast på sitt vedtak av 04.06.14, og gjev rådmannen fullmakt til å gå vidare med å gje pålegg om retting og pålegg om stans i medhald av plan- og bygningslovens § 32-3 når det gjeld hytter/einingar i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og detaljreguleringsplanen for Leirgravstaulen.

Framlegget til utvalet blei samrøystes vedteke.

<p>Plan- og miljøutvalet står fast på sitt vedtak av 04.06.14, og gjev rådmannen fullmakt til å gå vidare med å gje pålegg om retting og pålegg om stans i medhald av plan- og bygningslovens § 32-3 når det gjeld hytter/einingar i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og detaljreguleringsplanen for Leirgravstaulen.</p>
--

PS 15/4 Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland - 1 gongs handsaming

Rådmannens framlegg til vedtak:

<p>Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 - 10.</p>

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

<p>Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 - 10.</p>
--

PS 15/5 Dispensasjonøknad- frådelling og bruksendringg for støl på eigedom 135/1

Rådmannens framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovas § 19-2 og jordlova § 12 vert det ikkje gjeve dispensasjon til frådelling og bruksendring av stølsbygg ved Haddlandshylen på eigedom gnr.136/1
--

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Eigedom 136/1 Nystog har korkje bustadhus eller driftsbygning. Arealressursane er små. At eigedom 136/1 på nytt skal bli ei sjølvstendig driftseining med tradisjonelt landbruk er svært lite sannsynleg. Meir truleg er det at eigedom 136/1 før eller seinare blir tilleggsjord. Ressursomsynet er såleis lite å leggje vekt på ved ei dispensasjonsvurdering

Etter overordna planar skal det ikkje leggast til rettes for fritidshus i området. På den andre sida finst det alt fleire slike, fleire enn det søkjar nemner.

Ei frådelling vil få eigartilhøva i samsvar med det som har vore den faktiske situasjonen i 40 år. På den bakgrunn vil plan- og miljøutvalet, i medhald av jordlova § 12, under noko tvil godkjenne frådellinga.

Ein tolkar bygningsrådsvedtaket 188/73 som at ein godkjenner opprusting til fritidsbruk, dvs. at ved frådelling vil bruken bli uendra.

Framlegget til Vaa fall med 4 mot 3 røyster.

Framlegget frå rådmannen blei vedteke.

I medhald av plan- og bygningslovas § 19-2 og jordlova § 12 vert det ikkje gjeve dispensasjon til frådelling og bruksendring av stølsbygg ved Haddlandshylen på eigedom gnr.136/1
--

PS 15/6 138/3/1 Rauland - Søknad om dispensasjon - tiltak innanfor kommunedelplan Rauland LNF område - veg

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 138/3/1 dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 for å byggje veg til tun, slik det er omsøkt i brev datera 20.11.2014.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 138/3/1 dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 for å byggje veg til tun, slik det er omsøkt i brev datera 20.11.2014.

PS 15/7 Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 92/2

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Gisle S. Gardsteig – i medhald av konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr. 92/2 i Vinje kommune.

Det er eitt vilkår at søkjer må ta eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7.2016 – og bu der fast i minst fem år.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev Gisle S. Gardsteig – i medhald av konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr. 92/2 i Vinje kommune.

Det er eit vilkår at søkjer må ta eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7.2016 – og bu der fast i minst fem år.

PS 15/8 Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 124/1

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Torunn Øygarden – i tråd med konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr.124/1, samt ½ part av gnr. 124/5, 125/3, og 127/3 som omsøkt. Det vil vere eit vilkår at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan eitt år – og bor der i minst fem år - etter at foreldra ikkje disponerer våningshuset lenger, jf. kjøpekontrakten.

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev Torunn Øygarden – i tråd med konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr.124/1, samt ½ part av gnr. 124/5, 125/3, og 127/3 som omsøkt. Det vil vera eit vilkår at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan eitt år – og bur der i minst fem år - etter at foreldra ikkje disponerer våningshuset lenger, jf. kjøpekontrakten.

PS 15/9 Deling av driftseining gnr. 150/2, 10, 21, 70 og 83 og gnr. 150/4

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Jon Tvitekkja – i medhald av jordlova § 12 – løyve til ein mellombels frådelling av gnr. 150/4 i frå driftseininga gnr. 150/2 m. fl. Det er eit vilkår at gnr. 150/4 skal tilbakeførast gnr. 150/2 m. fl. i tråd med kjøpekontrakt av 30.12.2014 når overdragar ikkje lenger bur på gnr. 150/4.

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Tillegg:

Plan- og miljøutvalet set som vilkår for delinga at kontraktpunktet om tilbakeføring av Nordheim 150/4 skal tinglysast som eit hefte på denne eigedomen.

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget til Høgetveit vedteke med 6 mot 1 røyst.

Plan- og miljøutvalet gjev Jon Tvitekkja – i medhald av jordlova § 12 – løyve til ei mellombels frådelling av gnr. 150/4 i frå driftseininga gnr. 150/2 m. fl. Det er eit vilkår at gnr. 150/4 skal tilbakeførast gnr. 150/2 m. fl. i tråd med kjøpekontrakt av 30.12.2014 når overdragar ikkje lenger bur på gnr. 150/4.

Plan- og miljøutvalet set som vilkår for delinga at kontraktpunktet om tilbakeføring av Nordheim 150/4 skal tinglysast som eit hefte på denne eigedomen.

PS 15/10 Søknad om konsesjon for overtaking av fast eigedom gnr. 53/34

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Anders Eide og Helen Eide – i medhald av konsesjonsloven § 10 – konsesjon på erverv av gnr. 53/34 som omsøkt. Det er eit vilkår er søkjarane tar eigedomen som sin reelle bustad innan 1.5.2017, jf. § 6

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev Anders Eide og Helen Eide – i medhald av konsesjonslova § 10 – konsesjon på erverv av gnr. 53/34 som omsøkt. Det er eit vilkår at søkjarane tek eigedomen som sin reelle bustad innan 1.5.2017, jf. § 6 i konsesjonslova.

PS 15/11 88/11 Fjølabu - Hardangervidda. Bygging av jakt og fiskebu

Rådmannens framlegg til vedtak:

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegg frå plan- og miljøutvalet:

I utgreiinga frå Villreinnemnda er det sagt at dette er eit tiltak innanfor «landbrukets utmarksnæringer», jf. Regionalplan for Hardangervidda.

Plan- og miljøutvalet er samd med Villreinnemnda og gjev løyve til bygging som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 11-6.

Framlegget frå utvalet blei samrøystes vedteke.

I utgreiinga frå Villreinnemnda er det sagt at dette er eit tiltak innanfor «landbrukets utmarksnæringer», jf. Regionalplan for Hardangervidda.

Plan- og miljøutvalet er samd med Villreinnemnda og gjev løyve til bygging som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 11-6.